

BESKRIVELSE

Gløymt passord til pc og epost

No kan du endre passordet ditt sjølv

Dersom du har gløymt passordet ditt kan du no endre dette sjølv i større grad. Sjå eksempel under for kva nye moglegheiter som finst for sjølvbetjening.

Merk at du framleis i nokre tilfelle må kontakte [IKT Brukarstøtte](#) for hjelp.

Viktig informasjon

Det er eit og same passord for å logge på PC, epost og Teams.

Dersom du sit på heimekontor eller eksternt nettverk og ikkje huskar passordet for å kome deg inn på den kommunale pc'en, så vil ikkje desse framgangsmåtane hjelpe. Då må du i så fall ta med deg pc'en til ein kommunal lokasjon for å nytt sjølvbetjeningsløysinga, og pc må vere tilkoplta nettverkskabel. **Sjå scenario 2**

Ved bytte av passord på kommunal pc må den som eit minimum vere tilkoplta kommunalt nettverk. Kontakt IKT Brukarstøtte dersom berre trådløst nett er tilgjengeleg.

NB!! Husk å oppdatere passordet ditt på alt anna utstyr etterpå, til dømes om du har epost på mobiltelefon eller nettbrett.

Krav, kva må eg gjere på førehand ?

I denne løysinga nyttast same informasjon for å legitimere seg som for pålogging med 2-faktor (MFA). Når du vil endre passordet ditt legitimerer du deg ved å taste inn ein kode frå Microsoft Authenticator-appen.

Dersom du allereie har registrert deg for pålogging med 2-faktor har du alt i orden, viss ikkje vil du få spørsmål om å registrere denne informasjonen neste gong du loggar deg på.

Merk at løysinga ikkje kan nyttast av elevar i skulen.

Scenario 1:

- Du brukar ikkje kommunal PC men nettbrett eller mobiltelefon levert av kommunen
- eller du brukar berre privat utstyr

1. Åpne nettleser

Gå til: <https://passwordreset.microsoftonline.com/?mkt=nb-no>

2. Du kommer til denne siden:

Microsoft

Få tilgang til kontoen igjen

Hvem er du?

Hvis du vil gjenopprette kontoen, begynner du med å skrive inn e-postadressen eller brukernavnet og tegnene i bildet eller lyden nedenfor.

E-post eller brukernavn:

Eksempel: bruker@contoso.onmicrosoft.com eller bruker@contoso.com



Skriv inn tegnene som vises på bildet, eller ordene som du hører i lydsnutten.

Neste

Avbryt

3. Fyll inn opplysningene i bildet over

- Brukernavnet = epost-adressa di
- Skriv inn teikna du ser på biletet og trykk "Neste"

4. Velg kontaktmetode (godkjenningssapp er anbefalt metode)

Microsoft

Få tilgang til kontoen igjen

bekreftelsestrinn 1 > velg et nytt passord

Velg kontaktmetoden vi skal bruke til bekreftelse:

Tekst mobiltelefonen

Ring til mobiltelefonen

Angi en kode fra
godkjennerappen min

Angi koden som vises i godkjennerappen du bruker.

Angi bekreftelseskode

Neste

- Velg kontaktmetode (godkjenningsapp er anbefalt metode)
- Utfør nødvendige handlingar basert på kontaktmetode

Enten:

- Angi kode fra app:
 - Åpne Microsoft Authenticator på telefonen
 - Velg brukarkontoen din
 - Skriv inn "engangs passordkode som viser der og trykk "Neste"

Eller:

- Tekst mobiltelefon; legg inn koden du mottek på mobiltelefon og trykk "Neste"

5. No kan du skrive inn nytt passord, husk å skrive det inn 2 gonger for å bekrefte:

Microsoft

Få tilgang til kontoen igjen

bekreftelsestrinn 1 ✓ > **velg et nytt passord**

* Skriv inn nytt passord:

* Bekreft nytt passord:

Fullfør

Avbryt

- Husk at passordet må vere minst 14 teikn og innehalde 3 ulike typar teikn, til dømes små og store bokstavar, tal eller spesialteikn
- Døme på spesialteikn som kan brukast: !@#\$%^&* _+=?
- Les meir om gode passord [HER](#)


Scenario 2:

Du brukar kommunal PC og har gløymt passordet for å logge deg på PC'en

NB! Pc'en din må vere tilkopla kommunalt nettverk med **nettverkskabel** dersom du skal kunne endre passordet ditt før du loggar deg på pc.

Unntak: Dersom du har ein politkar-PC så fungerer dette både frå internt og eksternt nettverk og via trådlause nettverk.

1. Ved første pålogging til PC velg «**Tilbakestill passord**»



2. Følg deretter samme instruksjonar som i Scenario 1

NB! Husk å oppdatere passordet ditt på alt anna utstyr, til dømes om du har epost på mobiltelefon eller nettbrett.

Ønsker du at vi skal hjelpe deg, send inn sak via vår [IT Brukarportal](#)